

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO


Knarvik, 18. mai 2009

**Høyringsvar til Miljøverndepartementet sitt utkast til forskrift om kart,
stadfest informasjon, kommunalt planregister og arealformål**

Vedlagt følger høyringsvar frå Regionrådet Nordhordland IKS.

Dokumentet blir også sendt pr. e-post til postmottak@md.dep.no i dag.

Med helsing
for
Regionrådet Nordhordland IKS



Jostein Skråmestø
Dagleg leiar

Høyrings svar til Miljøverndepartementet sitt utkast til forskrift om kart, stadfest informasjon, kommunalt planregister og arealformål

Innleiing

Regionrådet Nordhordland IKS (RNIKS) er eit interkommunalt selskap for kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Selskapet har fast sekretariat. Ei sentral oppgåve for rådet er å vera felles talerøyr for regionen i høve til Staten. Nærare informasjon om selskapet; formål, verksemd m.v. er å finna på selskapet sin nettstad: www.nordhordland.net

Innan saksområdet plan-, byggesak, kart og oppmåling har fagsjefane i dei 9 kommunane etablert eit felles fagforum: **Nordhordland digitalt**. Sekretariatet til RNIKS har ansvaret for sekretariatsoppgåvene for RNIKS sine ulike tiltak og underliggjande organisasjonar, såleis også for nemnde samarbeidsforum. I denne saka har dette forumet vore RNIKS sitt sakshandsamingsorgan.

RNIKS er eit politisk organ der ordførarane i medlemskommunane er styre. Vår tilbakemelding går derfor på dei meir politiske spørsmål som saka reiser. Men våre fagfolk har i tillegg til dette laga ei meir fagleg vinkla tilbakemelding til MD sitt høyringsutkast. Denne følgjer som vedlegg til vårt høyrings svar.

Nokre generelle merknader til høyringsbrev og utkast til forskrifter

Iverksettingstidspunktet

Odels- og Lagtinget har i to lovvedtak gjort vedtak om ny plan- og bygningslov. I høyringsbrevet av 26.02.2009 opplyser MD at departementet tek sikte på å setta plandelen i kraft frå 1. juli 2009.

For kommunane er det svært urasjonelt og ressursløseri å iverksette ny lov til ulike tidspunkt. Det er ikkje framført, det vi kan sjå, og vi kjenner heller ikkje til argument som talar for at plandelen treng settast i kraft før resten av lova. Dertil er det heilt uråd for kommunane å få gjort dei interne vedtaka kommunane må gjera innan 1. juli 2009 i høve til forvaltinga av den nye lova frå den dato. Vi nemner følgjande interne tilhøve som må vera på plass i kommunane før ny lov kan settast i verk:

1. Kommunen sitt forvaltningssystem (organisasjon, delegasjonsreglement, rutinar m.v.) må tilpassast dei nye lovreglane og tilhøyrande nye forskrifter
2. Kommunen sitt gebyrregulativ må endrast til å samsvara med den nye lova
3. I tillegg treng våre kommunar (og alle andre som har etablert digitalt planregister) å ha på plass revidert system for eksisterande felles digitalt planregister. Det føreset at den nasjonale standarden som skal brukast for digitale planar må vera på plass og systemleverandørane må ha gjort ferdig sitt arbeid.

Dei to første tilhøva krev til dels omfattande saksutgreiing og til slutt handsaming i kommunestyra. Kommunestyra har sine siste møte før sommarferien stort sett før ein kan venta at

MD har ferdig forskrifta! **Etter vårt syn er det sette tidspunktet, både urealistisk og heilt uforsvarleg.**

Det er i lovforarbeida (både i plan- og byggesaksdelen) klart presisert at endringane medfører auka krav til kommunane. Tilrådingane er klar: Dei mange mindre kommunane i landet må løysa kommunane sine forvaltingsoppgåver etter den nye plan- og bygningslova gjennom aukande grad av interkommunalt samarbeid. Det er etter vårt syn ikkje tilrådeleg og høgst urasjonelt å ikkje sjå heile plan- og bygningslova under eitt når kommunane nå skal forma ut sitt reviderte forvaltningssystem for lovområdet.

Før ein kan gå i gang med utforming av det nye forvaltningssystemet, må ein lokalt ha klargjort organiseringa og gjort tilhøyrande delegasjonsvedtak. Før kommunane kan starta på denne oppgåva, som er tidkrevjande, må regelverket som skal forvaltast vera rimeleg på plass. Dvs. at òg store deler av forskriftsverket må vera på plass. Når det gjeld byggesaksdelen er utkast til forskrifter ennå ikkje sendt på høyring. **Også for plandelen manglar forskrift som gjeld overgangsreglar mellom ny planlovdal og gjeldande byggesaksdel ved ulike igangsetjingstidspunkt.** (Utkast ikkje sendt på høyring.)

Konklusjon: Iverksetting av ny plan- og bygningslova må skje samla. Etter at alt turvande tilhøyrande forskriftsverk er rimeleg på plass, må kommunane få turvande tid til å forma ut revidert organisasjon, forvaltningssystem og minimums skoloring av sakshandsamarar og vedtaksorgan før ny plan- og bygningslov blir sett i kraft.

Med så store endringar det her er snakk om, bør regelverksgrunnlaget vera på plass 6 månader før lovendringane blir sett i verk.

I høve til det kommunale styrings- og økonomisystemet er det generelt ønskjeleg at lovendringar og nye lover ikkje blir sett i verk når sommarferien startar. Beste tilpassing får ein der slike endringar skjer ved eit årsskifte.

Manglande forskrifter

I den nye plan- og bygningslova er det ikkje lenger ein generell forskriftsheimel. Nå er slike heimlar knytt til bestemte §§ i plan- og bygningslova og det er gjeve nye heimlar i ein god del andre lover, endringar som blir sett i kraft samstundes med plan- og bygningslova (eller del av denne). At det er gitt forskriftsheimel, er ikkje samstundes krav om at det skal utarbeidast tilhøyrande forskrift. Det er behovet som må vera avgjerande.

Dersom det, mot våre ønskje, skulle bli vedteke delt iverksetting av ny lov, må det utarbeidast turvande forskrift til § 34-2 Overgangsbestemmelser til plandelen. (Ved samstundes iverksetting av heile lova, trengst ingen slike reglar.)

Vi vil peike på 2 konkrete lovparagrafar der det snarast råd bør fastsettast forskrifter til og helst før lova blir sett i kraft.

1. § 4-3 Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarhetsanalyse
2. § 19-2 Dispensasjonsvedtaket

Til 1. § 4-3 inneheld eit svært viktig og omfattande lovpålegg. Her treng både planleggjarar, utbyggjarar og sakshandsamarar utfyllande forskrifter og tilhøyrande nasjonalt utarbeidd rettleiar.

Til 2. § 19-2 har ved vedtak av byggesaksdelen fått eit vesentleg tillegg. Etter det lyder siste ledd i § 19-2 slik: *Departementet kan i forskrift gi regler for omfanget av dispensasjonar og fastsette tidsfrist for behandling* (Endring understreka).

Det har for publikum og næringsliv vore ei gledeleg utvikling at det i lov og forskrift i seinare tid er fastsett fristar for det offentlege si sakshandsaming. Men dette er til lita nytte i dei sakene som krev dispensasjon av ei eller anna form så lenge det ikkje er knytt fristar for handsaming av turvande dispensasjonar; for først når den søknaden er innvilga, startar dei lovsette fristane. Såleis er det reelt ingen tidsfrist for sakshandsaminga i saker som krev dispensasjon i og med at desse først startar etter at dispensasjon er gitt. Den logiske konsekvensen er at det i forskrift til § 19-2 blir sett fristar for dei ulike instansane si sakshandsaming av ulike typar dispensasjonssøknader.

Når det gjeld tillegget som er kome vil ein først gjennom praktiseringa av lova klargjere om det er behov for å utdjupe lovreglane i forskrift.

Når det gjeld dei andre forskriftheimlane som er gitt, meiner våre fagfolk at det nok kan vera ønskjeleg med utdjupe forskriftsreglar eller i det minste ein del supplerande nasjonale retningslinjer. Men desse kan koma etter kvart som behova måtte bli nærare konkretisert gjennom problemstillingar som måtte oppstå når ein har teke den nye lova i bruk.

Konklusjon: Vi ber om snarast å få til høyring utkast til forskrifter til dei nemnde to §§.

Forskriftsutkastet

Kommunane i regionen har sidan 2005 hatt lokal og regionalt samordna forskrift til dagens § 5 i plan- og bygningslova. Vi konstaterer at MD sitt forskriftsutkast til ny § 2-1 og § 2-2 i stor grad samsvarar med den lokale forskrifta vi har i dag.

Kommunane i regionen starta, med bakgrunn i den lokale forskrifta, etablering av eit samordna digitalt planregister og har såleis fått ein del praktisk erfaring både i høve til forskriftsutkastet sitt regelsett generelt og til det som gjeld planregisteret spesielt. Dette meiner vi vil kunna gje verdfull tilbakemelding i høve det utsendte utkastet. Vi viser her til våre fagadministrasjonar sine mange merknader i vedlegget til regionrådet sitt meir politisk vinkla svar.

Vi er glad for at ein har fått lovfest oppretting av eit **nasjonalt og standardisert planregister**. I dagens teknologiske verden vil publikum og forvaltingsorgan ved dette kunna få eit godt verktøy for den demokratiske planprosessen og eit effektivt verktøy for innsyn i eksisterande kommunale planar og planarbeid som er på gang i kommunen. I tillegg vil det gje innsyn i planane til andre offentlege instansar som vedkjem kommunen og private planarbeid som er kunngjort starta. Det er derfor viktig at ein snarast råd, får utarbeidd og forskriftfest standardiserte minimumsspesifikasjonar for dette nasjonale kommuneadministrerte registeret. **I høyringsutkastet til forskrift manglar klare nok spesifikasjonar til eit nasjonalt planregister der ein finn aktuelle opplysingar både i høve til den demokratiske planprosessen og om vedtekte planar innan kommunen.**

For at kommunen rasjonelt skal kunna ha opplysingar om pågåande planarbeid og få ført desse i planregisteret, må dei som startar planarbeid, bli pålagt å varsle kommunen om dette. **Men her manglar etter det vi har fått opplyst, turvande heimel i lova. Vi ber derfor om at MD snarast får ein slik heimel på plass.** (Lovpålagt rapporteringsplikt er ein føresetnad for at det kommunale planregisteret rasjonelt skal kunna formidla informasjon om eksisterande planar og pågåande planarbeid i kommunen.)

Krav til lettskjønleg regelverk og plandokument

For ibuarane i regionen (og landet) er det viktig at regelverk og planane som blir utarbeidd, er lett og korrekt skjønlege. Dette gjeld både lov, tilhøyrande forskrifter (utdjupe/presisering av innhaldet i lovparagrafane) og planane som blir utarbeidde i medhald av regelverket. Det er

derfor gledeleg å sjå at svært mange fagord, som er brukt, er greitt forklart både i lov og forskriftsutkast. Men i definisjonane (§ 2 i forskriftsutkastet) manglar ei grei forklaring på produktet "situasjonskart". Dette skal tiltakshavarar og arealplanleggjarar bruka i sine saker. Kommunane skal levera produktet, og dei fleste krev gebyr for det.

Når det gjeld symbol og fargebruk, er det viktig at ein unngår så langt råd er å gjera endringar i det som over lang tid er innarbeidd. Berre der ein har erfaring for uheldig symbol og fargebruk, bør det gjerast endringar. Det er òg viktig at planane klart syner kva det offentlege har eller skal overta ansvaret for; f.eks. vegar, parkeringsareal m.m. Forslaget om at dette skal falla vekk etter ny lov, bør derfor falla vekk.

I **høyringsbrevet** er kommunane m.a. bedne om å gje tilbakemelding om behov for utfyllande reglar for ulike **høgdenivå i reguleringsplanar**.

Mange planar vil innehalda juridiske bindingar som gjeld ulike høgdenivå og som ein ikkje enkelt kan skildra i vedtektene til planen. Inntil ein får gode 3D presentasjonsreglar for planar (noko som må vera målet,) må det utformast reglar om vedlegg og utforming av desse som illustrerar juridisk bindande høgde/djupnetilhøve i planen. For dette punktet og andre i tilknytning høyringsbrevet viser vi til vedlegget frå våre fagfolk.

Av **høyringsnotatet** går det fram at kommunen i visse høve har rett til å få dekka sine kostnader med å legge til rette nedlastingstenester for kart og plandata, noko som kommunane i vår region praktiserer. Derfor synest vi dette bør gå klart fram av forskrifta til lova som gjeld kart- og plandata, sjølv om dette også går klart fram av offentlegforskrifta.

Sluttmerknader

Vi vonar at MD raskt kjem til og i forståing med KRD at dei vedtekne lovendingane bør settast i kraft samstundes og at dette deretter omgåande blir kunngjort.

Vi vonar òg at vårt høyringssvar og alle dei konkrete framlegga som er sett fram her og i vedlegget frå vår fagekspertise, vil vera til god nytte i det vidare arbeidet.

Vi ønskjer lykke til med det oppfølgjande arbeidet.

Knarvik, den 11.05.2009

For Regionrådet Nordhordland IKS



Håkon Matre
leiar

Vedlegg: Høyringssvar frå fagadministrasjonane til kommunane i regionen datert 07.05.2009

Gjenpart til KS

VedleggHøyringsvar frå fagadministrasjonane til kommunane i regionen**Merknader til høyringsbrevet****Nasjonal arealplan-ID**

Det er ikkje etablert nokon nasjonal ID for arealplanar i vårt land ennå. Her bør vi derfor følgja opp det som står i høyringsbrevet (s.2) om at arealplan-ID bør vera eit kjennemerkefritt nummer. (Dette blei gjort då landet i 1982 etablerte dagens nasjonale bygningsnummer. Her hadde ein heller ikkje frå før etablert nokon nasjonal bygnings-ID).

Det må vidare vera eit krav til eit slikt nummer at det har innebygd eit kontrollsiffer som sikrar rett skrivemåte av ID-nummeret (tilsvarande som for eksempel i fødselsnummeret).

Ein nasjonal arealplan-ID skal identifisere heile planen (alle dokument som er del av planen) **og ikkje berre vera knytt til deldokument i planen** (det siste MD-sitt forslag i merknadene til § 9).

Ein kjennemerkefri arealplan-ID sikrar ein ID som er stabil over tid og ein unngår alle dei problem som oppstår ved endring av ID som følgje av endringar i kjennemerke som inngår i ein ID. MD har tilrådd at kommunenr. skal vera ein del av arealplan-ID-en, dvs eit kjennemerke. Vidare er tilrådd at ved endring av og dispensasjon frå ein arealplan, skal ein for vedkomande sak nytta vedkomande plan sin arealplan-ID med eit undernummer som opplyser om rekkefølgenummer saka har i høve til endringar/dispensasjonar frå vedkomande plan, med andre ord nok eit kjennemerke i identifikasjonen til vedkomande arealplansak. **Begge desse tilhøva vil fort skaffa fleire problem.** M.a. vil det lett oppstå ulik klassifisering av endringar (ulike vurderingar frå registerfører til registerfører om ei endring skal resultera i ny arealplanID eller eit undernummer til eksisterande plan, for eksempel kor store avvik i arealplangrensene skal tolast før det blir ny arealplan-ID).

Den forma for undernummer til arealplan-ID (med bindestrek) har òg vist seg å vera problemfylt for enkelte nettlesarar.

Utgangspunktet må vera at kvar arealplan-ID eintydig og over tid identifiserar ein og same "arealplan". Relasjonar som i kva kommune planen ligg, om saka er ei stor eller lita endring av ein eksisterande plan eller ein dispensasjon i høve til ein eksisterande plan vil vera kjennemerke (eigenskapar) ved vedkomande plan. Slike relasjonar vil ein greiast ta hand om ved at dei inngår som metadata (data om planen) i planregisteret . På denne måten unngår ein og dei uløyste problemstillingane som oppstår ved MD sitt forslag om at ein plan som vedkjem fleire kommunar ikkje får ein nasjonal arealplan-ID. Etter MD sitt forslag vil ein slik plan få så mange arealplan-ID-ar som talet kommunar han vedrører! Kva så når kommune eller fylkesgrenser blir endra?

I eit nasjonalt arealplanregister enten dette er eit desentralisert register, slik det er vedteke det skal vera, eller om det er eit sentralt register (som matrikkelen) så må ein "arealplan" ha ein unik og over tid uforanderlig ID. Dette er viktig for svært mange formål, ikkje minst i høve til bruk av arealplanregisteret ved statistikkproduksjon. Om ein plan i presentasjonsform er oppdelt i fleire deler (fleire kartutsnitt eller fleire høgdenivå) så er dette ein plan som skal ha ein arealplan-ID. (Sjå våre merknader til MD sitt forslag til § 9)

Elektronisk signatur

I høyringsbrevet ønskjer MD tilbakemelding om behov for signatur på offentlege plandokument. Formålet med signering av offentlege dokument er at person med fullmakt (autorisasjon) sannar dokumentet. Dette ser vi klare behov for ved analoge kopiar. Men det same behovet er ikkje, etter vårt syn tilstades der ”dokumentet” blir henta frå eit offentleg autorisert register, ei heller ved elektronisk formidling frå og mellom offentleg forvaltingsorgan. (Distribusjonen her er duplikat av dokumentet og ikkje kopi.)

Regulering i fleire høgdenivå

I fleire og fleire reguleringsplanar blir det fastsett juridiske bindingar som gjeld høgde/djupnetilhøve. For nokre av desse kan ein rasjonelt skildra tilhøva i vedtektene til ein plan t.d. byggehøgde. Men ofte kan det vera meir rasjonelt og meir lettskjønleg med målsette teikningar/illustrasjonar.

Utviklinga går meir og meir i retning av full 3D ”areal”-planar. Arbeidet med å forma ut tenlege løysingar for saumlause 3D reguleringsplanar, bør starta snarast. I påvente av resultatet av dette arbeidet bør det alt nå formast nokre enkle reglar kva gjeld regulerte bindingar i høve til høgde/djupnetilhøve og utfyllande rettleiar med illustrasjon av korleis dei aktuelle dokumentvedlegga bør formast ut. (Sjå merknadene til § 10.)

SOSI produktspesifikasjon for digitalt planregister og arealplan

I andre avsnitt i høyringsbrevet står følgjande: *Spesifikasjonen vil inneholde nærmere veiledning og retningslinjer for hvordan digitalt planregister og arealplan skal utformes,*

Vi kan ikkje verken av høyringsdokument eller utkastet til forskrifter sjå dokumentert nokon datamodell eller fullverdig spesifikasjon for det nasjonale digitale planregisteret som kommunane skal føre og forvalte. (Sjå merknad til § 12.)

Detaljmerknader til forskriftsutkastet

Redigeringsmessige merknader

1. I overskrifta til forskrifta bør det vera tilvising til heimelsgrunnlaget i plan- og bygningslova §§ 2-1, 2-2, 11-1 bokstav a og b og 12-1 siste ledd
2. Forkortinga SOSI er førstegang nemnd i § 9. Her bør det vera følgjande fotnote: SOSI (samordnet opplegg for stedefestet informasjon) Nasjonal standard for koding og presentasjon av stedefestet informasjon (geodata)
3. Inndeling av forskrifta i hovudkapittel er god og tenleg

Merknader til dei einskilde paragrafar

§ 1 Formål (ingen merknad)

§ 2 Definisjoner

Bokstav d bør vera i samsvar med den offisielle definisjonen: *kart som danner underlag (gir geografisk referanse) i temakart* (jf. Ordbok for kart og oppmåling og termbanken til SK).

Deretter bør først opp termen *situasjonskart* då det er dette ordet som er brukt om basiskartet i plan- og tiltakssakene etter plan- og bygningslova. Ordet ”situasjonskart” er godt innarbeidd gjennom lang tid. Det inngår som namn på produktet i dei kommunale gebyrregulativa og er tidlegare definert slik: *situasjonskart*: basiskart hvor offentlige rammebetingelser for plan- og byggesaksbehandlingen er inntegnet eller vedheftet. Denne definisjonen bør nyttast.

I høyringsnotatet (s.4) er vist til at begrepene *situasjonskart* og *situasjonsplan* er forklart i forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker og derfor ikkje teke med her. Etter den gjennomførte redigeringsendringa av lova, der det som gjeld kartgrunnlag er samla i § 2-1, vil

rett plassering av forklaringa av ordet *situasjonskart* vera i § 2 i forskrifta som nå er på høyring.

Konklusjon

Vi tilrår følgjande:

- a) *endelig vedtatt plan* (som forslag)
 - b) *plankart*: framstilling av arealplan på basiskart
 - d) *basiskart*: kart som danner underlag (gir geografisk referanse) i temakart
 - e) *situasjonskart*: basiskart hvor offentlige rammebetingelser for plan- og byggesaksbehandlingen er inntegnet eller vedheftet
 - f) *digital arealplan*: (som forslag)
 - g) *planarkiv*: (som forslag)
 - h) *nasjonal arealplan-ID* (som forslag)
- (tilrådde endringar er understreka)

§ 3 Datasikkerhet (ingen merknad)

§ 4 Arkivering av årsversjoner (ingen merknad)

§ 5 Etablering og tilgang til det offentlige kartgrunnlaget

Det er naturleg at ein i kommuneplanen fastset kva krav ein skal ha til kartgrunnlag i ulike deler av kommunen og at dette er eit av dei tema som blir revurdert ved rullering av kommuneplanen. (Sjå merknad til vedlegg II). Dette tilseier ei lita tilføyning i 2. ledd, 2. setning: "*Kommunen fastsetter ved rullering av kommuneplanen hvilke nøyaktighets- og detaljeringsklasser kartgrunnlaget skal følge i de ulike deler av kommunen*".

Elles ingen merknad

§ 6 Krav om kartlegging (ingen merknad)

§ 7 Krav om å levere data i digital form (ingen merknad)

§ 8 krav til kartleggingen Her bør det òg stillast krav om dokumentert kontroll av at kartdata tilfredsstillir dei sette kvalitetskrava. Elles ingen merknad.

§ 9 Krav til arealplan og plankart, kodeverk, nasjonal arealplan-ID mv.

Forskrifta gjev inga føring for korleis gamle og eksisterande planar skal visast i nye overordna planar. Her er det fleire problemstillingar som det bør finnast enkle og tenlege løysingar for. Vi nemner presentasjon av eksisterande planar som er vedtekne etter ulike lover og andre presentasjonsstandarder, ulikskap i formålsinndeling mellom ny lov og eldre lov og planar som avvik frå nasjonale presentasjonsstandarder på vedtaks- og endringstidspunkt.

Til første ledd. Vi viser til det som er skrive om **nasjonal arealplan-ID** i våre merknader til høyringsbrevet og vonar vår tilråding der blir teke til følgje. Når det gjeld **plannamn** konstaterer vi at planfolk er lite kjende med krava i stadnamnlova. Derfor bør det inn i forskrifta at plannamn og andre stadnamn som er ein del av planforslaget, skal vera i samsvar med reglane i stadnamnlova.

Til andre ledd. Kodeverk er vel strengt tatt berre noko som gjeld digital arealplan? Men hos oss har digital arealplan vore eit krav til alle nye planar sidan 2005. Vi viser elles til våre merknader til vedlegga. Blir dei tekne til følgje, har vi ikkje andre merknader til formuleringa.

Til tredje ledd. Inntil ein får utforma reglar om og til "arealplan" i 3D, må det inn nokre supplerande reglar som gjeld juridiske bindingar i høgde/djupnetilhøve. Dels kan det tenleg skje ved plankart i ulike høgdenivå. Det vil vera dekkja av utkastet. Men i andre tilfelle kan dei

rettslege bindingane enklare framstillast på andre måtar (profil og talfesting i planvedtektene.) Nedanfor har vi kome med eit utkast til supplerande formulering.

Til fjerde ledd. Reglane her gjeld presentasjonsutgåver av arealplankartet. Her er det ønskjeleg å få inn eit tillegg om at det bør nyttast nasjonalt standardiserte malar for teiknforklaring og dei andre opplysingane i forskriftsleddet.

I tillegg bør det presiserast at høyringsutkast og vedteken plan skal presenterast på best tilgjengeleg og oppdatert basiskart i presentasjonsmålestokken.

Planar bør ha eit standardisert tittelfelt for opplysingar om planen. Der planpresentasjonen blir dekt av fleire grafiske dokument, bør det òg gå fram av tittelfeltet til planen.

Konklusjon

Med tilvising til ovannemnde er vi så fri at vi tillet oss å foreslå at forskrifta blir endra til:

Alle arealplaner skal ha et navn i samsvar med stadnamnlova sine regler og en entydig numerisk nasjonal arealplan-ID. Disse tildeles av kommunen, for navnet sitt vedkommende i samråd med forslagsstiller. MD tildeler kommunene en nummerserie hvorfra kommunen fortløpende henter arealplan-ID. Når en tidligere vedtatt plan søkes endret, skal nasjonal arealplan-ID tildeles saken. Det samme skal kommunen gjøre til søknad om dispensasjon fra gjeldende arealplan og nasjonale retningslinjer.

Arealplan skal nytte nasjonal standard for arealbruksformål og hensynssoner i den utstrekning disse er definert i vedlegg I og II. Fargelegging, skravour og annen symbolbruk skal, så langt det finnes nasjonal "SOSI produktspesifikasjon for digitalt planregister og arealplan", som hovedregel være i samsvar med denne. Dersom det er tjenlig for å få fram en lettere leselig plan, kan kommunen gjøre unntak i forhold til disse presentasjonsreglene. For planobjekter og lignende som ikke er dekket av nasjonal SOSI produktspesifikasjon for planregister og arealplan, velger kommunen en tjenlig presentasjonsform.

I overordnet plan skal eksisterende planer vises som skraverete felt på hvit bakgrunn. Skraveringen skal være i samsvar med gjeldende "SOSI produktspesifikasjon for digitalt planregister og arealplan". (Ulik skravour for plan etter gjeldende lov og for plan etter eldre lov og for kommunedelplan og reguleringsplan)*

**omfatter også bebyggelsesplan, områdeplan og detaljplan*

Plankart(er) skal vise innhold og rettslige virkninger på en klar og entydig måte, og med tilstrekkelig nøyaktig stedfesting. Dette gjelder òg supplerende grafiske vedlegg som enklere får frem rettslige bindinger som gjelder høyde-/dybdeforhold enn et plant kart.

Plankart (kartpresentasjonsdokument/er) skal være utstyrt med standard tittelfelt og tegnforklaring. Tegnforklaringen skal skille mellom symboler som angir rettslige virkninger og annen informasjon. Planen skal presenteres på oppdatert basiskart der koordinatnettet og nordpil er markert, samt opplysninger om geodetisk grunnlag og kartprojeksjon er påført. Basiskartet skal være i samme målestokk som plankartet. Kommunen skal påføre tittelfeltet og innholdet i dette: Arealplan-ID, planens navn, hvem som er forslagsstiller, hvem som har utarbeidet vedkommende plandokument, dokument nr av antall dokument og informasjon om planens behandling. Tittelfeltet skal påføres alle grafiske dokument som inngår i planen.

Det som er sett i () i nest siste ledd er meint som innspel til arbeidet med SOSI-spesifikasjonane.

§ 10 Krav til digital arealplan

I høyringsnotatet er presisert følgjande: *Til digital arealplan må det være knyttet nødvendige metadata (informasjon som beskriver datasettet).* Dette er vi heilt samde i. Oppfølginga av dette i forskriftsutkastet er akseptabel.

I høyringsnotatet er og peikt på at mange planleggjarar brukar DAK-verktøy ved utarbeiding av digitale planar og dei har ikkje kompetanse eller verktøy til å få konvertert planane til SOSI-format. Tilsvarande gjeld for mange kommunar. Derfor bør forskrifta ha ein regel om at digitale planar skal leverast på SOSI-format med mindre kommunen tilbyr å ta i mot planar på andre format.

I tillegg til dette bør det for planar levert på SOSI-format, stillast krav om at det saman med leveransen blir levert dokumentert feilfri SOSI-kontroll og at plankartet blir levert utan basiskartfiler.

Med tilvising til ovannemnde tillet vi oss å foreslå slik formulering av § 10

Digital arealplan skal inneholde nødvendig informasjon for å behandle og anvende planen med hjelp av elektronisk databehandling, herunder presentere planen som et entydig plankart og for produksjon av arealstatistikk mv, jf. forskrift § 12 siste ledd. Plandataene skal angi de enkelte geografiske områdene med gitte formål og bestemmelser, som separate og entydige objekter kodet i samsvar med de til enhver tid gjeldende "SOSI produktspesifikasjon for digitalt planregister og arealplan".

Digital arealplan skal leveres på SOSI-format med mindre kommunen aksepterer levering på annet format. Som vedlegg til planen skal leveres dokumentert feilfri SOSI-kontroll og plandata skal leveres uten basiskartfiler. For andre grafiske plandokument enn kart, skal leveringsform avtales med kommunen.

(Tilrådde tillegg er understreka.)

§ 11 Endelig vedtatt plan, planarkiv, o.a. (ingen merknad)

§12 Etablering, innhold m.v.

Vi viser til vår etterlysing av ein nasjonal spesifisering av heile planregisteret, jf. våre merknader til dette punktet i høyringsbrevet. Dei spesifiseringane om innhaldet i registeret som er gitt i utkastet, manglar m.a. spesifisering av prosessdata som skal registrerast i planregisteret. Det er nødvendig å få ein komplett spesifisering på plass raskt slik at systemleverandørane raskt kan få revidert eksisterande system. **Vi tilrår at gruppa som er i arbeid med å få på plass "SOSI produktspesifikasjon for digitalt planregister og arealplan", også kjem med fullstendige spesifiseringar til planregisteret ikkje berre spesifiseringar for arealplan.**

Til første og andre ledd. Kommunane i regionen tilhøyrer gruppa av kommunar som har etablert eit felles digitalt planregister. Dette er gjort i medhald av lokal forskrift og MD si tidlegare tilråding om plan-ID. For kommunar som har etablert digitale planregister vil det nå bli aktuelt å få vidareutvikla sine registersystem til å samsvara med dei nye spesifiseringane, som raskt må bli utarbeidde, og deretter implementera det reviderte systemet og gjera turvande oppfølgingar i det som hittil er ført i registeret. For desse kommunane er derfor dei to første ledda i utkastet irrelevante. Vi har derfor ingen merknad til dei.

Til tredje og fjerde ledd. I høve til 2. Setning i tredje ledd viser vi til vår påpeiking av at den som offentleg kunngjer oppstart av planarbeid som vedrører kommunen, må bli pålagt å senda kopi av kunngjeringa til kommunen og at MD snarast må skaffa lovheimel for eit slikt pålegg. For eksisterande statlege planar vil staten kunna gi pålegg om slik oversending. For

fylkeskommunane bør pålegg om også å senda fylkeskommunalt vedtekne arealplanar til kommunen, koma i same etterlyste lovheimel, som av praktiske grunnar også bør ta med statlege planarbeid og statleg vedtekne planar.

I utkastet står ingenting om **når i prosessen ID-nummer skal tildelast**. Det bør inn reglar om dette i forskriftene. Vårt råd er at arealplan-ID og plannamn bør tildelast i samband med offentlig kunngjering av melding om oppstart av planarbeid. Så lenge det ikkje er lovheimel for å påleggja den som kunngjer oppstart av planarbeid, å melda frå til førar av planregisteret om kunngjeringa, jf. påpeikinga av den manglande lovheimelen og krav om raskt å få den på plass, må kravet vera at tildeling av nasjonal arealplan-ID og plannamn skal skje for nye saker ved innføring av første dokument i saka i planregisteret. For gjeldande planar og gitte dispensasjonar skal arealplan-ID tildelast i samband med registrering av desse i det digitale nasjonale planregisteret.

Det bør òg presiserast at alle sakene registrert i planregisteret skal vera registrert med nasjonal arealplan-ID. Dette går ikkje klart fram av utkast eller høyringsnotat.

Å få registrert alle vedtekne arealplanar og tilhøyrande føresegner og arkivtilvising vil måtta ta tid. Men frå lova blir sett i kraft må § 9 gjelda for alt planarbeid som skjer etter ny lov.

Til siste ledd. Føresett ein tilfredsstillande spesifisering av planregisteret er dette rimeleg greitt. Men vi tillet oss å tilrå eit presiserande tillegg og små justeringar i teksten.

Konklusjon

Med tilvising til ovannemnde tillet vi oss å foreslå slik formulering av § 12:

Første og andre ledd som utkastet. Deretter:

Kommuner som har etablert digitalt planregister, skal tilføre alle registrerte saker i registeret nasjonal arealplan-ID i samsvar med fastsatt retningslinje for tildeling av arealplan-ID, jf. § 9 straks loven er trådt i kraft. Deretter tildeles arealplan-ID sakene etter hvert som de registreres i registeret. For planarbeid som det er offentlig kunngjort oppstart av, skal ID tildeles saken i forbindelse med kunngjøringen dersom kommunen står for denne. For de andre saker under behandling som skal registreres i registeret, tildeles arealplan-ID når kommunen får det første dokumentet om planarbeidet eller søknad om dispensasjon fra gjeldende arealplan/rikspolitiske retningslinjer.

Digitalt planregister skal inneholde:

- a) *alle gjeldende arealplaner i kommunen, herunder planer og planbestemmelser som statlige og regional myndigheter har vedtatt etter plan- og bygningsloven §§ 6-3, 6-4, 8-4 og 8-5*
- b) *vedtatte endringer og dispensasjoner til vedtatte arealplaner, jf. plan- og bygningsloven §§ 11-17, 12-14 og 19-2*
- c) *vedtatte bygge- deleforbud*
- d) *uavsluttet sak med tildelt arealplan-ID*
- e) *opplysninger om innsigelser og klager, ev. utsatt iverksetting av klage, jf. forvaltningsloven § 42 (Opplysningene føres under sakens arealplan-ID)*
- f) *andre opplysninger som har betydning for arealbruk og planarbeid i kommunen (føres i samsvar med registerspesifikasjonene for denne type informasjon)*

Kommunen fastsetter selv fremdriften av digitalisering, tildeling av arealplan-ID og registrering av eksisterende arealplaner, gitte dispensasjoner og bygge- og deleforbud i registeret. Eksisterende bygge- og deleforbud prioriteres i prosessen.

Digitalt planregister skal være i samsvar med kravene til oppbygning og systematikk i den til en hver tid gjeldende "SOSI produktspesifikasjon for digitalt planregister og arealplan" og inneholde de opplysningene om den enkelte arealplan-ID som til en hver tid er spesifisert for sakstypen, herunder tilhørende metadata. Data som er ført inn i digitalt planregister, skal være søkbare og egnet for statistiske formål.

§ 13 Innsyn og utlevering av data fra digitalt planregister

Vi viser til høyringsnotatet; siste avsnitt i MD sine merknader til denne paragrafen (s.23). Dette tilseier at forskrifta bør få eit tillegg som samsvarar med opplysningane her.

Konklusjon

Vi tilrår at forskriftsutkastet får følgjande tillegg:

For utlevering av data fra digitalt planregister enten direkte eller i form av tilrettelagt nedlastingstjeneste på Internett, gjelder reglene i offentlegforskrifta § 4.

§ 14 Oppdatering og forvaltning

Forslaget i siste setning første ledd bør ordet "straks" av praktiske grunnar bytast ut med formuleringa "innen kunngjøring av vedtaket"

(Elles ingen merknad.)

§ 15 Overgangsbestemmelser

Vi viser til våre forslag til endring i §§ 9 og 12. I den utstrekning forslaga blir tekne til følge, vil det få følge for formuleringa av § 15.

Hovudregelen bør vera at alle plansaker som blir offentleg kunngjort oppstart på etter den nye lova er gjort gjeldande, må handsamast etter den nye lova. Det same gjeld dispensasjonssøknader i høve til gjeldande arealplan og nasjonale retningslinjer. Vi stør og forslaget om at arealplanar som ikkje er lagt ut til offentleg ettersyn før lova trer i kraft, skal handsamast etter den nye lova sjølv om kommunen har teke mot forslaget før den tid. Derimot er det rimeleg at dispensasjonssøknader i høve til gjeldande arealplan og nasjonale retningslinjer, skal handsamast etter reglane som gjaldt då kommunen tok mot tilfredstillande dispensasjonssøknad.

Basert på at våre endringsforslag til §§ 9 og 12 blir tekne til følge, er vi så fri å foreslå slik formulering av §15:

Planarbeid der offentlig kunngjøring av oppstart skjer etter den nye loven er blitt gjeldende, skal skje i henhold til lov av 27.06.2008 nr. 71. Det samme gjelder arealplansaker som er kommet til kommunen før denne tid men ikke blitt lagt ut til offentlig ettersyn før lovens iverksettelse.

Søknader om dispensasjon skal behandles etter den lov som var gjeldende på mottakstidspunktet for en tilfredstillende søknad.

Kommunen kan bestemme når planer m.v. som er vedtatt etter eldre lover, skal registreres i det digitale planregisteret. Ved registrering i det digitale planregisteret kan prosessrelatert informasjon sløyfes.

§ 16 Ikrafttredelse

Lova bør ikkje tre i kraft før alt regelverk både til denne delen av lova og til bygningsdelen er ferdig og kommunane har fått gjort nødvendige minimumsførebuingar for ei forsvarlig

forvaltning av lova (reorganisere forvaltningsorganisasjonen, fatte nødvendige delegasjonsvedtak, utarbeide og vedta reviderte system for forvaltningsarbeida, lage og vedta revidert gebyrregulativ og gjennomføre nødvendige informasjons- og skoloringstiltak).

Vi viser til den politiske grunngivinga for at tidspunktet bør være det samme for heile lova og den tida kommunen treng for å få på plass det som er kommunen sitt ansvar etter at regelverket er på plass.

Vedlegga og krava til presentasjon av arealplankart

Når det gjeld vedlegga har vi desse merknadene.

1. Kommuneplanen bør innehalda informasjon om kva for systematiske kart- og flyfotoprojekt som skal gjennomførast i kommuneplanperioden og likeins krav til kartleggingsstandard for dei ulike delane av kommunen. Med flyfotoprojekt er meint slike som ikkje er del av kartproduksjon, f.eks skråfotografering av bestemte areal.

I vedlegg II under § 11-8b infrastruktursoner og i den tilhøyrande datamodellen må for det eine dei 4 kartstandardane få eigne objektkodar. Dertil bør òg skråfoto-sonene få eigen kode.

2. Planpresentasjon

- a) For dei nemnde infrastruktursonerobjekta i pkt. 1 må i tillegg til spesifisering av objektkodar m.v. også spesifiserast tenleg signatur og presentasjonsreglar.
- b) Normalt bør det svært gode argument for å endre godt innarbeidde symbol og fargebruk. Endringar kan lett medføre feiltolkingar.
- c) Vi reagerer sterkt negativt på at arealplanane ikkje lenger skal syne kva som er eller planfastlagt offentleg eigarskap til veg og parkeringsareal. Den tilrådde endringa er svært lite brukarvenleg og bør derfor ikkje gjennomførast.

Knarvik, den 07.05.2009

Nordhordland digitalt

Kåre Wiik Lindås (leiar)	Arne Aven Austrheim	Øyvind Tolleshaug Fedje	Magne Instefjord Gulen	Tor Hegle Lindås
-----------------------------	------------------------	----------------------------	---------------------------	---------------------

Anne Kristin Rafoss Masfjorden (nestleiar)	Anny Bastesen Meland	Kjell Langeland Modalen	Nils Myking Osterøy	Kjartan Medaas Radøy
---	-------------------------	----------------------------	------------------------	-------------------------

Garath Wilce og Torbjørn Trageton
fagsekretærar